

Alf Roger Djupvik

Organisasjon og stigma

Vitskapsteoretisk essay



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING
VOLDA

Forfatter	Alf Roger Djupvik
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Alf Roger Djupvik
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

INNHALD

DEL 1: BAKGRUNN OG VITSKAPSTEORiar	4
Innleiing.....	4
Vitskapsteoretiske retningar	6
Positivismen.....	6
Kritisk rasjonalisme.....	9
Hermeneutikken	11
DEL 2: DRØFTING	15
Stigma	15
Den faglege bruken av omgrepet stigma - stigma som erfaringsfjernt omgrep	15
Freistnad på ei klargjering av omgrepet stigma.....	21
Stigma: frå det erfaringsnære til det erfaringsfjerne.....	23
Organisasjon og stigma	25
Organisasjon	25
Omgrepet "samanheng"	27
Samanhengen mellom organisasjon og stigma: nokre illustrasjonar	28
Avslutning	30
REFERANSAR.....	32

DEL 1: BAKGRUNN OG VITSKAPSTEORIAR

Innleiing

Bakgrunnen for dette essayet er prosjekterelatert. Med det meinast at eg ønskjer at dei drøftingane som vert gjennomført her, har konkret relevans for det arbeidet eg no går i gang med i forhold til ei doktorgradsavhandling. Eg tar derfor først for meg prosjektet som essayet dreier seg om. Deretter ser eg på vitenskapsteoretiske retningar som trer fram som særskilte relevante for mitt arbeid. Eg nyttar så desse vitenskapsteoretiske innsiktene til å drøfte a) korleis ein kan nærme seg studiet av stigma og b) kva som kan meinast med at det (eventuelt) er ein samanheng mellom organisasjonars verkemåte og erfaring med stigma hos klientar. Eg vil innleiingsvis presisere at eit vitenskapsteoretisk essay må ha eit innhald som primært er av vitenskapsteoretisk *karakter*. Eg ser for meg at det er særleg følgjande tre tema som eg må unngå å ta opp i nemneverdig grad: Eg skal ikkje inn på substans eller ”empiri” i særleg omfang, ei heller dvele ved faglege teoriar som sådan. Heller skal eg ikkje skissere eit praktisk metodeopplegg. Vitenskapsteorien dreier seg om det vi kan kalle grunnlagsproblematikk. Det viktige blir å drøfte og kvalifisere sentrale omgrep.

Prosjektet som doktorgradsarbeidet bygger på ¹

Dei siste tre åra har eg arbeidd på eit prosjekt under NFR sitt velferdsprogram. Dette prosjektet hadde tittelen ”Lokale og kulturelle rammer for velferdsstatens ungdomsroller”(Heggen, Djupvik og Jørgensen 2003). Prosjektet dreidde seg om kva slags erfaringar unge klientar hos sosialkontor, aetat og trygdekontor hadde gjort seg med klientrolla – når denne vart analysert med *lokalsamfunnet* som viktig kontekst. Det vart gjort kvalitative studiar av to lokalsamfunn (eitt i Nord-Norge og eitt på Vestlandet²). Det var peikt ut to kategoriar unge klientar: einslege mødrer³ og ungdom med problem på arbeidsmarknaden. Med desse gjennomførte vi kvalitative intervju. I tillegg vart det gjennomført kvalitative intervju med funksjonærar ved sosialkontor, aetat og trygdekontor. I tillegg også intervju med unge arbeidarar, arbeidarforeldre og foreldre med mellomklassebakgrunn. Det vart lagt vekt på å sikre breidde her, m.a. når det galdt desse informantane sin yrkesbakgrunn. I kvart av dei to lokalsamfunna er det gjennomført 50 kvalitative intervju, og totalt altså 100 intervju.

¹ Datainnsamlinga var i 2000 og 2001.

² Desse to lokalsamfunna er i rapporteringa frå prosjektet kalla ”Vågen” og ”Fjorden”.

³ Den administrative nemninga som Trygdeetaten nyttar på denne kategorien er ”einslege forsyttarar”. Valet falt i prosjektet på einslege *mødrer* ut i frå at trygdestatistikken på landsbasis viser at om lag 95% av dei einslege forsyttarane, som mottar stønad frå trygdeetaten, er kvinner (Rikstrygdeverket 2000).

Mitt tema var å analysere om kontakta med dei lokale hjelpeapparata leidde til ei erfaring av stigma hos dei to klientgruppene. Eg fann at unge einslege mødrer i liten grad hadde erfart dette, medan det oftare var slik at arbeidslaus ungdom erfarte stigma. Dette skuldast dels trekk ved klientane som individ (graden av samansette problem og kor langt dei var komne i marginaliseringsprosessar for eksempel). Men oppleving av stigma kunne også knytast til trekk ved hjelpeapparata som organisasjonar. Særleg peikte kontakt med sosialkontoret seg ut som eit spesielt "tilfelle". Det verkar som at dette hjelpesystemet har trekk som leier til erfart stigma hos klientar, som dei andre hjelpesystema i mindre grad har. Dette kan igjen knytast til trekk som universelle versus partikulære sosiale ordningar, til graden av skjønnsutøving, psykologiske kostnader for klienten ved å "utlevere seg" etc. (Jf. Spicker 1984; Lipsky 1981)

I analysen kom eg fram til tre ulike variantar av stigma; 1) knytt til sjølv *statusen* som klient hos hjelpeapparata, 2) til stigma som noko som blir "produsert" gjennom *samhandling* mellom klienten og sakshandsamar, og 3) til måten som *tiltak* over for klienten blir utforma.

Når det gjeld tiltak vart det fokusert på om dei var slik utforma at dei unødige eksponerte statusen som klient, om tiltaka skilte seg frå andre former for arbeid (om tilbydt arbeid vart sett på som annerangs for eksempel) og om tiltaka vart oppfatta som å vere kvalifiserande for arbeidslivet eller ei. Når det gjeld klientane sine erfaringar med dei lokale hjelpeapparata, er det klart at erfaringane totalt sett var nyanserte. Somme hadde positive erfaringar, andre negative opplevingar av eit mangelfullt byråkrati og atter andre oppfatta møtet med hjelpeapparata som knytt til stigma. Somme hadde også blanda erfaringar.

Hovudfokuset mitt blir å undersøke om organisasjonar (her avgrensa til aetat, sosialkontor og trygdekontor) har trekk ved seg som kan leie til oppleving av stigma hos klientane av desse kontora sine tenester. I forhold til ei avhandling tenker eg meg at følgjande problemstillinger vert belyst:

1. Kva for variantar av stigma opplever (somme) klientar gjennom si erfaring med lokale hjelpeapparat (aetat, sosialkontor, trygdekontor)?
2. Er rolla som ung klient stigmatisert av aktørar i lokalsamfunnet?
3. Er det ein *samanheng* mellom *verkemåten* til hjelpeapparata som *organisasjonar* og klientars erfaring med stigma i rolla som klient?

I forhold til *vitskapsteoretiske problemstillingar* ser eg at følgjande er viktig å reflektere over:

1. Er **stigma** eit *fruktbart*⁴ omgrep i forhold til å definere visse typar av erfaringar som klientar har med lokale hjelpeapparat? Korleis kan ein gå fram for å omsetje⁵ klientane sine erfaringar til den faglege bruken av omgrepet stigma? (Korleis kan ei gitt erfaring klassifiserast som stigma?).
2. Kva meinast med omgrepet **organisasjon**? Dersom ”organisasjon” har ulike tydingar vert analysen prega av det, eller dei, perspektiv forskaren legg til grunn for kva ein organisasjon er. Dessutan: kva kan ligge i omgrepet ”*verkemåten* til organisasjonar”? Taler ein her som samfunnsmessige ”lover”, om kausale samanhengar eller om noko anna?

Vitskapsteoretiske retningar

For å svare på dei to hovudspørsmåla framanfor vil eg trekke inn sentrale vitskapsteoretiske retningar. Sjølv om vitskapsteorien samla sett har refleksjon om kva kunnskap er som eit felles tema, er det likevel slik at dei ulike vitskapsteoriane presenterer forskjellige perspektiv på kunnskap, og ”krav” til vitskapleg verksemd. Eg ser det som relevant å trekke inn positivismen, kritisk rasjonalisme og hermeneutikken.

Positivismen

Dette er ei tungtvegande vitskapsteoretisk retning som har fått stor innverknad både i ulike vitenskapar og i samfunnet meir generelt. Positivismen kan truleg presiserast i to underretningar. Denne eine er klart inspirert av naturvitenskapane og rettar merksemda mot sansbare data (i.e.: som kan observerast og kvantifiserast). Den andre, kalla logisk positivisme (jf. Grimen og Gilje 1993), er meir retta mot analysar av språk.

⁴ Med ”fruktbart” meiner eg først og fremst om omgrepet har eit slikt innhald at det kan avgrensast frå andre typar erfaringar.

⁵ I vårt intervju materiale er det typisk at klientane (og dei fleste andre informantane) ikkje nyttar omgrepet stigma sjølve.

Positivism

Positivism er klart knytt til naturvitenskapene, men har også innverknad på samfunnsvitenskapene (jf. Durkheim 1978). Denne retninga har røter attende til renessansen på 1400-1500 talet då naturvitenskapen veks fram. Omgrepet positivisme referer til at ein freistar å kome fram til *sikker* kunnskap om det gitte, det som kan observerast. Frambringning av sikker kunnskap skjer, i følgje positivismen, ved nøye sanseobservasjonar slik at ein gjennom slike kan avdekke årsaksamanhenger og lovmessighetar⁶. Ein vert oppteken av det som kan målast, teljast og vegast. Positivistane tenkte seg at gjennom historias gang så gjekk kunnskapsutviklinga frå ikkje-vitenskaplege stadier til det vitenskaplege (positive) stadiet. August Comte er vanleg å trekke inn i denne samanhengen, når han peikte på dei tre velkjente stadia i kunnskapsutviklinga. I det *teologiske* stadiet blir verda forklart på bakgrunn av religiøse førestillingar. Handlingar i samfunnet og hendingar i naturen blir gjeve åndelege forklaringar. I det *metafysiske* stadiet blir verda forklart gjennom idear og livsprinsipp, for eksempel at tilhøvet mellom samfunnets medlemmar er regulert gjennom "samfunnskontrakten". Det siste stadiet er det *positive* eller vitenskaplege, der verda vert forklart gjennom nøyaktige sanseobservasjonar. Innan denne vitenskapsteoretiske retninga blir ein oppteken av *verifikasjon*; utsegn om naturen og den sosiale verda må kunne verte bekrefta.

Positivistane tenkte seg dessutan at det skulle vekse fram ein *einskapsvitenskap* på grunnlag av positivistiske vitkapsideal. Hovudformålet med vitenskap (anten den rettar seg mot natur eller samfunn) er då at ein skal freiste å avdekke lover. Ein skulle vere samd innan vitenskaplege miljø om korleis ein studerer fenomen i natur og samfunn. Dette ved å unngå å spalte opp i ulike fagdisiplinar og ulike metodar for vitenskapleg frambringning av kunnskap. Den felles metoden var, i følgje positivistane, den logiske analysemetoden. Studieobjekt vart redusert til klart observerbare "ting". Ein konsekvens av det positivistiske vitkapsynet er at den baserer seg på kvantitativ metode. Positivistane er opptekne av å finne fram til samfunnsmessige lover (nomotetisk vitkapsideal) ved å formulere teoriar på bakgrunn av "allutsegn". Her blir statistisk korrelasjon mellom kvantifiserbare storleikar den måten ein kan formulere samfunnsvitenskaplege lover på. Eksempelvis kan ei kvantitativ undersøking, som er "representativ" og følgjer visse reglar for gjennomføring, gi oss ei generell utsegn som seier at norske kvinner er meir skeptiske til EU-medlemskap enn norske menn. Positivistane er opptekne av det *generelle*. Det som ikkje er generelt eller "lovmessighetar" blir eksempler

⁶ Eit eksempel på ei naturlov er tyngdelova. Grunnen til at den kan kallast ei lov er at ved eksperiment vil hendingar *repeterast* (og dermed utgjere ei lov; sikker kunnskap). Eksempel: kvar gong du slepp blyanten ut av handa di vil den falle mot bakken (gitt visse føresetnader).

eller anekdotar, og det er ikkje samfunnsvitskap – men heller kunnskap om enkeltstående tilfelle. Positivismen sitt kunnskapsyn og metodar får visse konsekvensar. Positivistisk forskning medfører ei *forenkling* der framstillingar av samfunnets aktørar har ein tendens til å bli kontekstfrie (Andersson 1979). Dette fordi den kvantitative metoden gjer at ein studerer mange analyseeiningar, men heller få variablar. Vidare er det eit klart positivistisk ideal å skille mellom fakta og verdiar. Forsking skal vere verdifri og nøytral. Positivismen blir oppteken av å kunne gi ei korrekt *avbildning* av røyndomen, m.a. ved at ein ikkje problematiserer skilnaden mellom observasjon og tolking. Ein tenker seg at røyndomen er ein objektiv ”ting” som ikkje vert påverka av mennesket (forskaren) i framstillinga av denne røyndomen.

Ikkje er dette berre ein intensjon ved forskning, men i tillegg ein (problematiske) ”teori” om at dette faktisk er mogleg⁷. Ei viktig ”dygd” ved det positivistiske vitskapssynet er at det skal vere distanse mellom vitskapsmannen og dei som blir studert, for å unngå at forskaren blir ein variabel i forskingsprosjektet (jf. Andersson 1979). Med Skjervheim (1976) sine ord blir forskaren då ein ”tilskodar” framfor ein ”deltakar”.

Logisk positivisme

Logisk positivisme kan m.a. knytast til ”den tidlege” Wittgenstein (1982) og vitskaplege arbeid han publiserte på 1920-talet. Den logiske positivismen var, som antyda framanfor, oppteken av å rensje språket for det dei kalla ”meningslause utsegner”. Etter Wittgenstein si oppfatting kunne ein dele språklege utsegn inn i tre kategoriar, der berre dei to første var å rekne som slike som kunne underkastast ein vitskapleg ”test”. Den eine kategorien er positive og negative analytiske utsegner, som kjenneteiknast ved at dei ikkje seier noko om den empiriske verda og såleis ikkje treng nokon test. Dette er utsegner som kan avklarast gjennom logikken. Eit eksempel på eit slikt utsegn er:

”En ungkar er en ugift mann\ en ungkar er ikke en ugift mann”

Den andre kategorien var syntetiske utsegner, som er slike som påstår eitt eller anna om reelle forhold. Slike utsegner kan sjekkast mot historiske eller andre typar fakta, eller med andre ord: dei krev empiriske observasjonar. Eit eksempel på eit slikt utsegn kan vere:

”I 2003 vant Rosenborg ballklubb tippeligaen”

⁷ Kuhn (1996) og Feyerabend (1993) har imidlertid peikt på at vitskapen er påverka av både sosiale og ”usaklege” motiv hos dei aktørane som driv med vitskapleg verksemd.

Den tredje kategorien utsegner er slike som verken er analytiske eller syntetiske. Slike utsegner kalte Wittgenstein for kognitivt meningslause utsegner, fordi dei anten ikkje påstår noko eller at det er uråd å knyte ein verifikasjonsmetode til dei. Eksempel på ei slike utsegner kan vere:

*”Ta av deg yttertøyet”*⁸

*”Gud eksisterer”*⁹

”Demokrati er den beste styreforma”

Viktige kjenneteikn ved positivismen er altså fokuset på å avdekke *lover* i natur og samfunn, kravet om at utsegner, hypotesar eller teoriar må la seg *verifisere*, og definisjonen av kva for fenomen som kan studerast *vitskapleg*.

Kritisk rasjonalisme

Den kritiske rasjonalismen er uløyselig knytt til Karl Popper. På visse område uttrykkjer denne vitskapsteoretiske retninga kontinuitet med positivismen, men skil seg likevel frå denne på viktige felt. Sentralt for Popper er at vår erkjenning alltid vil vere avgrensa og mangelfull. Vidare legg han stor vekt på at ein i dei vitskaplege miljø har vilje og evne til å vere kritisk innstilt til kvarandre sine vitskaplege posisjonar, men like mykje at den enkelte maktar å vere *sjølvkritisk*. Popper er særleg kjent for den såkalla demarkasjonsproblematikken, som dreier seg om kva som bør vere kriteriet for at ein teori kan ha *vitskapleg status* (Popper 1992). Han meinte at ei rekkje teoriar er pseudovitskaplege, eller utforma på ein slik måte at dei undrar seg ein kritisk test. Det verkar som det i samtida¹⁰ særleg var marxismen, psykoanalysen og Adlers individualpsykologi¹¹ som blei trekt fram som pseudovitskaplege teoriar. Følgjande eksempel om forklaring av mindreverds kompleks kan illustrere kva Popper sikta til:

”En mann dytter et barn i sjøen for å drukne det; en annen mann ofrer livet sitt for å redde barnet. Begge disse tilfellene kan «forklares» både av Freud og Adler: I følge Freud lider for eksempel den første mannen av aggressive ødipale følelser for faren. Disse følelsene overføres på barnet. Den andre mannen gjør derimot en innsats for menneskeheten; han oppnår sublimering (primitive drifter overføres til en sosialt verdifull handling). I følge Adler led den første mannen av mindreverdighetsfølelser

⁸ Dette utsegnet representerer ei oppmoding, men den påstår ingenting.

⁹ Denne påstanden er det (framleis) uråd å knyte ein verifikasjonsmetode til.

¹⁰ Dette var rundt 1920.

¹¹ Eit spørsmål her er om verifikasjonsproblemet gjeld allment i vitskapane, eller om Freud, Adler og Marx er så vidt spesielle at dei ikkje er representative for vitskapen som heilskap. For eksempel er ikkje marxisme berre teori om samfunnsforhold – det er også ein politiske ideologi. Lakatos (1998) peiker på at problemet med verifikasjon gjerne er større for ideologisk orienterte ”forskningsprogram” enn for enklare empiriske testar av naturforhold – som for eksempel å undersøke farger på fuglar eller å fastlå om det er regnver i dag.

*som tvang ham til å bevise overfor seg selv at han våget å redde barnet. Mannen som druknet led også av mindreverdigfølelser; han hadde derfor et sterkt behov for å vise overfor seg selv at han våget å redde barnet. **Uansett** hva som skjer, så kan det tilsynelatende alltid forklares av disse teoriene.” (Grimen og Gilje 1993:68-69)*

Problemet med teoriar som er formulert som i eksempla over er at dei blir verifisert uansett kva for uttrykk empirien har. Eit anna eksempel er dette:

”Noreg vert styrt av ein skjult maktelite”.

Dersom forskarane finn fram til denne makteliten er teorien verifisert, men om dei ikkje finn den er den også verifisert – for makteliten er jo skjult. Det er her Popper set inn sin viktige kritikk av positivismen; han vil erstatte prinsippet om verifikasjon med prinsippet om *falsifikasjon* (”avkrefting”). Vi må vere opptatt av å formulere teoriar, hypotesar og utsegn på ein slik måte at dei kan verte avkrefta. Dette kan ein oppnå ved formuleringar som er slik at visse empiriske observasjonar kan vere i strid med teorien. Eit kjent eksempel her er følgjande all-utsagn:

”Alle svaner er hvite”.

Dette er ei påstand som lar seg avkrefte ved observasjon¹². Vidare var det for Popper viktig at ein i vitenskapleg arbeid la tyngda på å falsifisere heller enn å verifisere; vere vel så mykje på leit etter empiri som kan gjendrive teorien enn empiri som kan støtte den. Popper var vidare skeptisk til positivismens forestilling om nøytral og uavhengig forskning. Popper meinte at våre observasjonar er ”teoriimpregnerte”, ved at teori kjem før observasjon. (Vi er innstilt på noko forut for observasjonen). Dette tyder at forskaren ikkje stiller føresetnadslaus i sitt vitenskaplege arbeid, men stiller med det Popper kalte ein *forventningshorisont* – som han omtalte slik:

”Vi kan karakterisere en forventning som en tendens til å reagere, eller som en foreberedelse for en reaksjon som er tilpasset (eller som forutsetter) en forventet tilstand i omgivelsene” (Popper 1981:65)

Viktige kjenneteikn ved den kritiske rasjonalismen er kravet om *falsifiserbare* teoriar, hypotesar og omgrep. Vidare stiller ein seg skeptisk til *allutsagn* (og dermed også til at det er mogleg å tenke seg samfunnsmessige *lover*) sidan ein aldri kan vite når og om ein vil stå

¹² Legg merke til at dette allutsagnet truleg kviler på visse føresetnader. Slik som at farge er knytt til svana sin naturlege farge, og ikkje at nokon har malt ei svane i ein annan farge for å lure forskaren. Vidare er det vel slik at forskaren lyt klare å skilne mellom fargen kvit og fargen grå.

framfor eit a-typisk tilfelle¹³. Sentral er også oppfattinga av at vitskapen lyt vere fordomsfri (kritisk og sjølvkritisk). Med omgrepet forventningshorisont er nok Popper, i alle fall indirekte, likevel inne på at det opne og kritiske forskingsidealet er vanskeleg å leve opp til i praktisk vitskapleg arbeid.

Hermeneutikken

Hermeneutikken er knytt til analysar av individ og samfunn, ikkje til fenomen i naturen, og viser derfor også til andre tilnærmingar og metodar enn kva ein finn i positivismen¹⁴. Ein grunnleggande skilnad mellom natur og menneskjer er at sistnemnde utfaldar seg i aktivitetar som gir ”meining” for seg sjølv og for andre. Mennesket har intensjonar og grunnar for handlingane sine. ”Meining” kan også knytast til kva ei bestemt oppleving eller erfaring ”betyr” for eit individ; kva for refleksjonar og/eller handlingar dette set i verk for den enkelte (jf. Andersson 1979). Vi kan freiste å finne ut kva ”meining” dreier seg om, anten ved å studere nolevande sosiale aktørar, eller ved å tolke skriftleg materiale. Tolking står sentralt i hermeneutikken, og opphavet til ordet hermeneutikk (frå gresk) er då også knytt til kunsten å forstå (Grimen og Gilje 1993:143). Ein viktig skilnad mellom positivisme og hermeneutikk er at førstnemnde søker å forklare natur og samfunn ved å finne fram til lover (”allutsagn”), medan sistnemnde er opptatt av å forstå meininga ved ulike sosiale fenomen. I hermeneutikken tenker ein seg at individa i samfunnet forstår fenomen ulikt, har ulike intensjonar med meir. Hermeneutikken blir ein ideografisk vitskap som gjennom kvalitative metodar freistar å gje ein holistisk framstilling (fokus på ”totalitet”) ved å undersøke kva enkeltdealar kan fortelje om ein heilskap (Andersson 1979). Dette tyder også at hermeneutikken ser med skepsis på sjansane vi har for å utvikle samfunnsmessige lover. Dette kan igjen knytast til at hermeneutikken langt meir enn positivismen problematiserer tilhøvet mellom fysiske og sosiale fenomen. Dette skillet er godt illustrert i to grunnleggande måtar å forstå bruken av kvantitativt orienterte spørjeskjemaundersøkingar. Positivismen er oppteken av presise spørsmål og at alle respondentane er eksponert for dei same spørsmålsformuleringane. Gitt visse føresetnader kan ein så prosentuerare svarfordelinga og gjennom ulike testar kome fram til ”lovmessige samanhengar” (ved statistisk korrelasjon). Hermeneutikken stiller seg kritisk til dette. Kanskje det faktisk er slik at kvar enkelt respondent har si eiga forståing av kva sentrale omgrep i spørsmålsstillingane betyr. Dersom

¹³ Legg merke til at det er tilstrekkeleg med *eitt* atypisk tilfelle (”ei svane som ikkje er kvit”) for å velte allutsagnet. Det ligg nok også i dette problemet at forskarar vil vere ”avgrensa rasjonelle”; det er vanskeleg å tenke seg observasjonar som er *ubundne* i tid og rom.

¹⁴ Eg tenker *her* på den samfunnsvitskaplege varianten av positivisme.

det for eksempel er ”100” forskjellige oppfattingar av kva som er ”god undervisning”, må ein vel spørje kva det er ein har målt i ei undersøking om studiekvalitet? Forskjellige personar kan vere eksponert for det same¹⁵, men tolkar eller forstår på ulikt vis. Eit sentral omgrep innan hermeneutikken som hjelper til å forklare kva som styrer oss i tolkesituasjonen er *forforståing* (Gadamer 1975). Utgangspunktet er at vi menneske ikkje møter verda utan føresetnader, vi har ei forforståing som på sett og vis ”kjem inn” mellom observasjon og tolking og gir retning for korleis eit fenomen blir tolka (kva slags meining det har).

Forforståinga består for det første av språk og omgrep som den sosiale aktøren har om verda, og som fungerer som ”briller” for tolkinga. Grimen og Gilje peikar på at språk og omgrep gjer det mogleg for oss å ”se noe som noe” (Grimen og Gilje 1993:148). For det andre består forforståinga av trosoppfattingar og forestillingar om den sosiale verda. Dette dreier seg om det den enkelte oppfattar som sant, kva som vert teke for gitt og kva som vert problematisert. Dersom ein klient held for sant at velferdsstaten er eit vonde – at det ”offentlege” er noko negativt, vil det sannsynlegvis påverke vedkomande si oppfatting av eit lokalt hjelpeapparat. For det tredje inngår eigne personlege og generaliserte erfaringar også i forforståinga. Vi gjer oss erfaringar på ulike livsområde anten i ein til ein relasjonar, eller gjennom deltaking i sosiale samanhengar av meir kompleks art (”miljø”). Viktig her kan vere at vi generaliserer frå enkeltstående hendingar til korleis liknande hendingar vil vere med andre sosiale aktørar. Eksempel: ein klients gode oppleving av møtet med ein sakshandsamar på trygdekontoret kan leie til den oppfatting at eit nytt møte (med ein annan sakshandsamar) også vil vere god. Generaliserte erfaringar er også interessant i relasjonen mellom klient og sakshandsamar når det gjeld korleis sistnemnde vurderer klienten. Sakshandsamar kan ha erfaring med kvifor ungdom, som oppsøker sosialkontoret, er ”rød på øynene”. For eksempel at det er uttrykk for bruk av rusmidlar. Det kan likevel vere andre årsaker til dette i det enkelte tilfelle, og den generaliserte erfaringa betyr i eit slikt tilfelle ei kategorisering¹⁶ av klienten.

Det som til saman påverkar vår tolking av meningsfulle fenomen er vår forforståing, det fenomen som skal tolkast og den kontekst (eller samanheng) dette inngår i. Til saman utgjer desse tre komponentane den *hermeneutiske sirkel* (Grimen og Gilje 1993:153).

Alle sosiale aktørar gjer tolkingar av meningsfulle fenomen. Det særleine ved forskaren er, for å nytte eit omgrep av Giddens (1976), at vedkomande forhold seg til *dobbel hermeneutikk*.

¹⁵ Det som kan tolkast vil vere *tekstar* (for eksempel religiøse og politiske skrifter), *muntlege* uttrykk (talehandlingar), *fysiske* aktivitetar (gester m.m.) og (sosio-) *materie* (arkitektur fortel for eksempel noko om maktforhold i eit samfunn).

¹⁶ Kategoriseringa kan av klienten oppfattast som ei ”stempling”.

Sosiale aktørar, utstyrt med sin forforståing, har tolka den sosiale verda dei er ein del av. Så lyt forskaren, også utstyrt med si forforståing, freiste å tolke det som dei han forskar på har tolka. Geertz (1983) operere med eit skilje mellom erfaringsnære og erfaringsfjerne omgrep for å fange dette. Dei som vert studerte nyttar omgrep som ikkje er teoretisk fundert, medan forskarane derimot nyttar teoretisk omgrep på same fenomen. Det som nokon for eksempel kallar ”læring” kallar forskaren for ”sosialisering” (Grimen og Gilje 1993:147). Det viktige ved dobbel hermeneutikk er dette: der finst ingen objektiv røyndom som ikkje er tolka av sosiale aktørar. Faktisk er den sosiale verda som forskaren skal gjere greie for tolka i to rundar; først av dei han studerer og så han sjølv. Det sentrale for ein som forskar innan det hermeneutiske perspektivet er å freiste å få fram sosiale aktørar sine tolkingar av det meiningsfulle, og freiste å kome fram til interessante faglege tolkingar av empirien. Dette siste inneber at erfaringsnære omgrep vert *omsett* til erfaringsfjerne omgrep.

Eit viktig spørsmål for den hermeneutisk orienterte forskaren blir om det kan settast fram nokre prinsipp for korleis ein kan gå fram for å sikre *truverdige* tolkingar av sosiale aktørar sine handlingar¹⁷. Taylor (1985) har peikt på tre grunnleggande moment for at det i det heile skal vere tale om å gjere tolkingar. Det eine er at det vi studerer må vere av ein slik karakter at det kan gje mening. Reine naturfenomen har ikkje mening¹⁸. Derimot har menneskeleg aktivitet mening fordi den kan knytast til intensjonar, grunngevingar og refleksjonar. Vidare må det vere grunnlag for å skille mellom mening og uttrykk. Ein tekst er eit uttrykk (skrifta på papiret), men vi må ofte lage ein ny ”tekst” som fortel kva den føreliggande teksten tyder. Mening må dessutan knytast til sosiale aktørar; mening ved eit fenomen er mening for nokon.

Grimen og Gilje (1993) peikar på at det er mogleg å sette fram kriterier for gode eller rimeleg tolkingar, samstundes som det er høgst problematisk å tenke seg ”den beste” eller den ”sanne” tolking. Dette fordi alt kjem an på den forforståinga som tolkaren har med seg i sin kognitive ”bagasje”. I staden for å ”søke” etter den einaste ”rette” tolking bør ein heller vere oppteken av *metodologisk toleranse* (Lakatos 1982) med vekt på at ulike tolkingar på sitt vis kan gje verdfull innsikt i eit felt. I dette ligg det naturlegvis også at den enkeltes tolking av eit materiale vert sett på som verdfullt (sjølv om alternative tolkingar også finst).

¹⁷ Eg nyttar her omgrepet handlingar som ei fellesneming for det sosiale aktørar har forfatta, sagt eller uttrykt gjennom fysiske gestar.

¹⁸ Med dette meinast at naturen ikkje er ein handlande aktør som har intensjonar. Mennesket vil likevel kunne tilskrive naturfenomen, for eksempel knytt naturkatastrofer, mening.

Det eine tolkingskriteriet er det *holistiske*. I det legg ein vekt på at tolking må skje ved at ein tolkar delar og heilskap i ein samanheng for å få fram meining. Vi ser dette i forhold til litterære tekstar der enkeltstående sitat lyt sjåast på bakgrunn av den samanhengen dei inngår i. Eit konkret utsegn kan vere meint alvorleg eller på spøk, men det er ved å vekselvis studere delar og heilskap at ein kjem fram til ei rimeleg god tolking av kva som kan vere meint. Transkripsjonar frå kvalitative intervju er å oppfatte som eksempel på ein, viss type, tekst. Ved å samanlikne enkeltutsegn med heile teksten kan ein avgjere om ulike resonnement m.m. står oppunder kvarandre eller som dei trekkjer kvarandre i tvil. Eller for å seie det med Grimen og Gilje: ”*alle detaljenes harmoni med helheten er kriteriet på korrekt forståelse*” (Grimen og Gilje 1993: 161).

Viktig ved det holistiske perspektivet er at tolking skjer på bakgrunn av undersøkingar av den *konteksten* noko skjer innanfor¹⁹.

Det andre perspektivet er kalla *aktørperspektivet*. I den grad det er mogleg kan ein gjennom dialog med den det gjeld finne ut kva forfattaren har meint med ein tekst, kva den handlande hadde av intensjonar og kvifor ein opplever ein situasjon som ein gjer. Kvalitative forskingsintervju er prega av eit slikt aktørperspektiv på den måten at ein stiller fleire oppfølgingsspørsmål til den ein intervjuar for å få stadig større innsikt i korleis vedkomande tenker.

Sentrale trekk ved *hermeneutikken* er at den har eit samfunnsvitskapleg forskingsideal, og lener seg mot historie-, religion- og språkanalyse. Hermeneutikken er ikkje oppteken av å finne lover, men av å forstå sosiale fenomen – kva meining dei gir i enkeltstående tilfelle i sin totalitet. Hermeneutikken problematiserer overgangen mellom observasjon og tolking, ein kan ikkje ta for gitt kva noko tyder. Vidare ser hermeneutikken at det er einskap mellom fakta og vurderingar. Forståing og framstilling av eit empirisk materiale er ”teoriimpregnert” av forskaren. Endeleg krev ei hermeneutisk tilnærming, for eksempel når ein studerer notidige sosiale fellesskap, at det er nærleik mellom forskaren og dei som blir studert. Innleving blir viktig når målet er å forstå eit sosialt fenomen, og distanse vil kunne hindre innsikt i det sosiale feltet.

¹⁹ Eksempel: Om ein person stikk nåler i ei tøydukke kan det framstå som ein merkeleg atferd isolert sett, men får større meining når ein finn ut at den handlande personen trur på magi.

DEL 2: DRØFTING

Stigma

Vitskapsteoretisk sett er det to grunnleggande viktige spørsmål knytt til omgrepet stigma. Det eine gjeld den faglege bruken av omgrepet. Omgrepet stigma har røter attende til antikken (Falk 2001), og blir i moderne tid nytta innan fagfelt som sosiologi (jf. Becker 1963; Falk 2001), sosialpsykologi (jf. Goffman 1963) og i analysar av velferdsstaten (jf. Spicker 1984, Page 1988, Colton m.fl. 1997). Med referanse til logisk positivisme og kritisk rasjonalisme kan vi spørre om den faglege bruken av omgrepet viser at omgrepet er klart, eller om det heller er diffust og gjenstand for tolking. Det andre spørsmålet har tilkyting til den kritiske rasjonalismens krav om falsifikasjon og den doble hermeneutikkens omsetjing av erfaringsnære omgrep til erfaringsfjerne: er det mogleg å operasjonalisere kva som er empiriske uttrykk for stigma?

Den faglege bruken av omgrepet stigma – stigma som erfaringsfjernt omgrep

Eit grunnleggande trekk ved stigma er at det seier noko om ein bestemt (negativ) identitet hos mennesket. Dei menneska som er stigmatiserte vil normalt utgjere ein minoritet i samfunnet, numerisk sett. Dei blir sett på som avvikarar eller ”outsiders” (Falk 2001).

Tidleg bruk av omgrepet

Ein kjenner omgrepet frå det antikke Hellas der ein nytta stigma (”brennmerking”) for å tydelegjere kven som var slavar og ofte krigsfangar, slik at ein lettare kunne fange dei dersom dei rømde. Dette var altså eit fysisk og synleg merkje som uttrykte vedkomande sin sosiale status i det gamle Grekenland (Falk 2001).

Ein kjenner også omgrepet frå kristen mystisisme, der eit fåtal personar opplevde stigmata – det vil seie merker som minte om dei som den krossfesta Kristus hadde. Eit eksempel på dette skal vere Frans av Assisi sine opplevingar i Mount Alverno i 1224, der ein seraf²⁰ påførde Frans sine stigmata. Somme av desse personane vart seinare erklært helgenar av den romersk-katolske kyrkja²¹. I det første tilfellet var påføring av stigma ei konkret observerbar handling. I det andre tilfellet var det tale om synlege kroppslege merkjer, men der årsaka til dette nok

²⁰ Ein *seraf* er ein engel, eller eit himmelsk vesen (Gyldendals fremmedordbok 1974: 300).

²¹ Kjelde: "Stigmata." *Encyclopædia Britannica*. 2004. Encyclopædia Britannica Online. 7 Sept. 2004 <<http://search.eb.com/eb/article?eu=71510>>.

må seiast å vere omgitt av mytar. Likevel er det interessant å merkje seg at dei tidlegaste omgrepa om stigma referer til noko som dels kan knytast til observerbare data.

Sosiologisk og sosialpsykologisk bruk av omgrepet

Falk (2001) peiker på ei interessant utvikling med omsyn til den moderne bruken av omgrepet, der det ikkje lenger er så sansbart kva stigma er:

”Modern American usage of the words ”stigma” and ”stigmatization” refers to an invisible sign of disapproval²² which permits insiders to draw a line around ”outsiders” in order to demarcate the limits of inclusion in any group. That type of demarcation permits “insiders” to know who is “in” and who is “out” and allows the group to maintain its solidarity by demonstrating what happens to those who deviate from accepted norms of conduct” (Falk 2001:17).

Når ein omtalar stigma som eit usynleg teikn på mishag mot ei gruppe menneskjer som ein ”trekker ei line rundt”, så har ein bevega seg bort i frå positivt sansbare forhold. Det er meir tale om ei form for hermeneutisk tolking av korleis sosiale aktørar opptrer. Det er ved å studere desse aktørane (”avvikarene” og ”dei normale”) på nært hald ved å avdekke ”meining” at ein kan vinne innsikt i fenomen som stigma og stigmatisering. Tematikken dreier seg altså ikkje om observerbare naturliknande fenomen, men om tolkbare opplevingar og erfaringar. Falk, som er sosiolog, viser i siste delen av sitatet ei klar tolking av den sosiale røyndomen som neppe spring direkte ut av empirisk observasjon. Han gir her tilkjenne ei funksjonalistisk forståing der avvik og stigmatisering har ein slags misjon i samfunnet – utpeiking av avvikarar styrkjer samkjensla mellom dei ”normale” som etterlever samfunnets allmenne normer og som gjennom påpeiking av avvik klargjer for seg sjølve grensene mellom rett og galt. Dette er ein synsmåte som har røter attende til Durkheim (1964), og som inneber ei hermeneutisk ”klargjering” av kva mening avvik og stigmatisering har. Goffman peikte også på at bruken av omgrepet stigma har endra karakter frå fokus på synlege (kroppslige) kjenneteikn på ein viss sosial status til meir å vere uttrykk for sjølve statusen, ein status der avvikaren eller den stigmatiserte er assosiert med *skam*:

“Today the term is widely used in something like the original literal sense, but is more applied to the disgrace itself than to the bodily evidence of it” (Goffman 1963:11).

²² Mi understreking; ARD.

Goffman er ein sentral teoretikar når det gjeld å definere kva som ligg i omgrepet stigma slik det har vorte nytta frå 1960-talet og frametter. Eg går her inn på viktige sider ved omgrepet stigma slik han presenterte det i boka ”Stigma. Notes on the Management of Spoiled Identity” (1963).

Den første delen av boka kallar Goffman ”*Stigma and social identity*”. Goffman peiker på tre variantar av stigma, og sjølv om desse er ulike, har dei det til felles at det dreiar seg om *negative vurderingar* av avvik frå det normale²³.

For det første kan stigma knytast til fysiske kjenneteikn ved personar. Medfødde eller påførte kroppslege kjenneteikn vert assosierte med ei form for moralsk status. Deformasjonar av ulikt slag gjer at ein opplever å bli *stempla* i negativ retning. Lyter eller ulike handikap gjer at den enkelte opplever stigma, men også at andre opplever det som belastande å inngå i sosiale relasjonar med personar som har slike kjenneteikn (Goffman nemner ein stad i boka at det kan vere ”flaut å ha stemnemøte med ein som er blind”).

For det andre blir stigma knytt til visse *negative karaktertrekk* hos enkeltindividet, slik som svak vilje, uærleg framferd og rigide haldningar. Slike eigenskapar vert tilbakeførte til slikt som mentale problem, karriere som fengsla, å vere avhengig av narkotika eller alkohol, homoseksualitet, arbeidsløyse, sjølvmondsforsøk eller radikal politisk åtferd (Goffman 1963:14).

For det tredje kan stigma knytast til det Goffman omtalar som ”stammetilhørighet” (tribal stigma). *Identitet* knytt til rase, nasjon og religion blir i visse samanhengar oppfatta som stigmatisert. Ein kan også tenke seg at denne varianten av stigma kan gjelde ei rekke subkulturelle grupper.

Definisjonen til Goffman viser at stigmatisering alltid dreier seg om negativ kategorisering av ein minoritet. Det er med andre ord ikkje kva merkjelapp som helst som er av stigmatiserande karakter. Men det heile er sosialt konstruert, det handlar om korleis sosiale aktørar til ei kvar tid definerer *kva* som er negativ atferd. Falk (2001) viser for eksempel at det å oppnå

²³ Det mest sentrale ved boka til Goffman er gjerne hans diskusjon om korleis den stigmatiserte kan forvalte sin identitet, anten ved å skjule den eller ved å sette opp ein ”fasade”, men eg går ikkje inn på desse sidene ved stigma her.

økonomisk suksess også kan vere stigmatisert. Dei tre formene for stigma som Goffman nyttar verkar på sett og vis klargjerande, men det er ikkje tale om naturgitte fenomen – det dreier seg om korleis menneskje tilskriv andre visse eigenskapar. Homoseksualitet, det å røyke marihuana, vere arbeidslaus eller vere politisk aktivist – ingenting av dette er ”av naturen” eit avvik som ”automatisk” vil bli stigmatisert. Det er heller ikkje slik at avvik og stigmatisering er lett observerbart, men noko som må undersøkast ved å få del i sosiale aktørar sine opplevingar og erfaringar.

Viktige faglege bidrag til å forstå kva stigma dreier seg om kjem frå, sosiologisk orientert, *stemplingsteori*²⁴. Kjente teoretikarar her er Lemert (1951) og Becker (1963). Lemert er kjent for omgrepa ”primære” og ”sekundære” avvik. Primære avvik kan oppfattast som eingongstilfelle der vedkomande ikkje sjølv oppfattar seg som avvikar, medan sekundære avvik inneber at vedkomande går inn i ei avvikarrolle. Det er først ved dei sekundære avvik at ”alvoret” tar til for vedkomande, sidan repetert avvikande atferd også vil bli stempla av dei sosiale omgivnader. Becker var også oppteken av vegen inn i ei avvikarrolle. Han gjer eit skille mellom det handlande individet, sjølv (den avvikande) handlinga og ”dei andre”²⁵. I likskap med Lemert legg Becker vekt på kva ”dei andre” definerer som avvikande atferd og det er denne definisjonen som gjer at visse handlingar blir stigmatisert. Tidleg stempling av, det Lemert ville kalt primære avvik, vil i følge Becker kunne leie den enkelt inn i ei avvikarrolle. Becker er ikkje oppteken av individet eller handlingane til vedkomande. Dette leier til det syn at avvik (og kriminalitet, for den del) ikkje eksisterer som eit objektivt fenomen, men er sosialt konstruert.

Dette har minst to interessante sider, sett frå ein vitskapsteoretisk ståstad. For det første: Ved å sjå bort frå handlingane ser ein også bort frå konkret observerbare forhold. I staden vert det heller fokusert på eit komplisert samband mellom stempling og reaksjonar på dette hos individet. Knutsson (1977) peikar på at dette sambandet er vanskeleg å etterprøve eller finne empirisk belegg for, m.a. fordi teoretikarar innan stemplingsperspektivet i liten grad har vore opptekne av positivistisk orientert etterprøving av teorien gjennom statistiske analysar – for eksempel om stempling medfører fortsatte kriminelle avvik. Vidare peikar Knutsson på at sjølv omgrepet stempling er uklart; kva gjer dei som stemplar når dei stemplar? Teorien er

²⁴ Stempling kan oppfattast som synonymt med det å stigmatisere andre mennesker.

²⁵ ”Dei andre” er sosiale aktørar i omgivelsane som legg merke til individets handlingar.

omgitt med ad hoc hypoteser²⁶, der sjølvstempling også blir ein variant av fenomenet som ”redder” teorien. Vidare er det vel tvilsamt om ei kvar oppdaging av avvikande handlingar nødvendigvis må leie til stempling?²⁷ Gibbs (1971) peikte, i ”polemik” med Becker, på eit anna kritisk moment; nemleg at det var uklart kva for reaksjon frå ”dei andre” som kvalifiserte for nemninga stempling²⁸.

For det andre ligg det i stemplingsteorien at avvik og stigmatisering blir *relativisert*. Hos Becker er det eit klart budskap at ulike sosiale omgivelser (i.e.: variantar av ”dei andre”) kan reagere ulikt på tilnærma lik atferd. Becker nemner sjølv fenomenet ”epleslang”. I *eitt* nabolag kan dette oppfattast som eit klart avvik og ”syndarane” blir stempla. I eit *anna* kan ein heller sjå på dette som ein naturleg del av barndomen, og det heile vert oppfatta som ”normalt”. Stemplingsteori gjer ein ”teori” om årsaker til stigmatisering komplisert. La oss vende attende til ein av kategoriane til Goffman. Han meinte at personar med såkalla karakterbrestar ville verte stigmatiserte. I følgje stemplingsteoretikarane kan det ikkje vere gitt at for eksempel arbeidsledige eller narkomane alltid vert stempla, dette dreier seg om kva for konkrete sosiale omgivelser den enkelte har rundt seg. I prosjektet ”Lokale og kulturelle rammer for velferdsstatens ungdomsroller” har vi funne ein variant av noko slikt; det gjeld rolla som ung klient hos aetat. I det eine lokalsamfunnet var denne rolla stigmatisert, i det andre ikkje (Heggen, Djupvik og Jørgensen 2003). Om ei bestemt handling eller ein viss sosial status blir stigmatisert vil altså avhenge av ”dei andre” si *forforståing* knytt til individets handling. Med referanse til positivismen kan vi seie at det er vanskeleg å etablere ei ”lov” som predikerer at stigmatisering alltid vil inntreffe berre vi har kunnskap om kjenneteikn ved individa som individ²⁹.

Omgrepet brukt i analyse av velferdsstaten

Spicker (1984), Page (1988) og Colton m.fl. (1997) er eksempel på akademikarar som har studert stigma i relasjon til ulike sosiale tenester, slik som sosialhjelp og barnevernstenester. Alle desse er innom Goffmans definisjon av stigma, men det vesentlege her er fokuset på stigma som noko som kan oppstå i klientens møte med systemverda. I tillegg kan stigma

²⁶ Jf. Poppers kritikk av pseudovitenskap og teoriar som ikkje kunne falsifiserast. Problemet med ad hoc hypoteser er at dei finn forklaringar som ligg utanfor teorien – når det passer seg slik.

²⁷ Knutsson (1977) meiner at bruken av stemplingsteoriar har eit sterkt deterministisk preg.

²⁸ Eksemplet galdt om *sladder* som reaksjon på incest kunne definerast som stempling. Spørsmålet blir altså kor *sterke reaksjonar* som må til for at det kvalifiserer som stempling.

²⁹ Eg tenker her på dei individa som potensielt sett har sjanse for å verte stigmatiserte, for eksempel fordi dei har såkalla ”karakterbrestar”.

oppstå som ein konsekvens av kva ”andre” i klientens sosiale omgivelser meiner om klientstatusen og hjelpeapparatet.

Spicker (1984) har oppsummert kva som gjer at relasjonen mellom klient og hjelpeapparat kan ta form av stigma. For det første at klientane opplever det som *nedverdiggande* å møte ulike delar av velferdsstaten sine institusjonar. Han viser til kommentarar frå informantar der det har kome fram at interaksjonen med ”systemet” framstår som ubehageleg eller nedverdiggande. Coser (1965) peika på følgjande forhold som var viktige for å konkretisere kva som skapte ein nedverdiggande situasjon: At ein blir nekta privatliv i visse typar institusjonar. Intervensjon i heimane til klientar. Begrensningar på korleis ein kan bruke pengar. Klientstatusen kan i visse samanhengar medføre at ein ikkje får del i gode som andre får ta del i, som t.d. å oppnå kreditt i kolonialforretninga eller få drosje til eit stigmatisert nabolag.

For det andre kan det vere tale om *tap av rettar*. Parker (1975) peikar på at å kome i ein klientposisjon inneber tap av rettar, både formelle og uformelle. Med omsyn til tap av formelle rettar blir dømet med sinnsjukehus gjerne trekt fram (Goffman 1961). Hove peikar på at dette også kan dreie seg om tap av politisk rettar – tap av røysteretten (Hove 2001). Eit viktig poeng her kan vere at dette er noko som trekkjer skiljet mellom klientar og ”dei andre”.

For det tredje kan ein tale om skilnaden mellom sosiale ordningar som er definerte som *rettar* kontra slike som er baserte på *skjønnsutøving*. Ordningar som er knytte til rettar blir ikkje oppfatta som stigmatiserande (jf. visse trygdeordningar). Dei ordningane som er slik at velferdsbyråkratiet nyttar skjøn blir i større grad oppfatta som veldedighet (charity), noko som igjen blir sett på som stigmatiserande for den enkelte mottakar, m.a. fordi det støyter mot den enkelte si ære.

For det fjerde kan ein tale om *stempling*. Poenget her er at å vere mottakar av visse typar sosiale tenester kan verte sett negativt på av medlemene av eit lokalsamfunn, slik at det trer fram eit skilje mellom ”dei og oss” (jf. Becker 1963). Lipsky (1981) sine observasjonar av korleis bakkebyråkratiet fungerer i ein slik samheng er viktige. Dette tyder på at det ikkje berre er lokalsamfunnet som kategoriserer og ”stemplar”, men nokre gonger også tilsette i velferdsstaten sine ulike yrke. Dette er eit poeng som også er understreka av Page (1988) og Colton m.fl. (1997).

For det femte er det viktig om sosiale ordningar er prega av *universalisme* eller *partikularisme*. Det kan vere slik at stigma knyter seg til enkelte ordningar som ikkje fungerer universelt, men som heller separerer medlemene i eit samfunn gjennom si partikulære utforming. Spicker meiner at dei tenestene det er forbunde mest stigma med er offentlege (sosial-)bustader og ulike former for sosialtenester (Spicker 1984). Dette har å gjere med at tenestene er *behovsprøvde* og at dei er knytte til situasjonar som kan oppfattast som prega av liten grad av meistring hos individet. Det er også gjerne kombinasjonen av behovsprøving og trekk ved sjølve tenesta som slår ut her. Spicker viser m.a. til at mottakarar av midlar frå utdanningsfond ikkje opplever det som stigmatiserende sjølv om slik ordningar kan sjåast på som behovsprøvde. Det verkar som at stigma blir kopla til det ein oppfattar som sjølvforskyldde sosiale problem og at visse mottakarar einsidig er i ein mottakarsituasjon over lang tid. Spicker legg vekt på at selektive tenester blottstiller kven som er gjevar og mottakar, og dei synleggjer ei nedverdiggande behovsprøving. Det vesentlege ved dei selektive tenestene er i følge Spicker at dei avslører kven som er mottakar.

Freistnad på ei klargjering av omgrepet stigma

Med referanse særleg til logisk positivisme og kritisk rasjonalisme kan ein stille spørsmål ved om omgrepet stigma er eit presist omgrep eller om det heller framstår som uklart. Eg vil i dette avsnittet kome med forslag til visse presisjonar som kan vere retningsgjevande for det vidare arbeidet³⁰.

For det første vil eg meine at dei som kan verte stigmatiserte per definsjon må utgjere ein *minoritet*, numerisk sett, i samfunnet. Skal det vere meining i at "outsiders" kjenner seg stigmatisert av "insiders" så kan ikkje førstnemnde definerast som ein stor del av folkesetnaden. I prosjektet³¹ såg vi at klientkategoriane vi studerte, dei arbeidslause og sosialklientane numerisk sett var i eit klart mindretal i lokalsamfunnet (Heggen, Djupvik og Jørgensen 2003).

For det andre er det viktig å vere bevisst på det eg vil kalle *aktørfokus*. Litteratur om stemping og stigma trekk inn ulike aktørkategoriar. I det vidare arbeidet er eg opptatt av følgjande. Kva for normer og verdiar koplar klienten til det å vere i rolla som klient? Vert dette sett på som nedverdiggande? (Dette minner i så fall om fenomenet "sjølvstigmatisering").

³⁰ Eg siktar her til mitt eige doktorgradsarbeid.

³¹ "Lokale og kulturelle rammer for velferdsstatens ungdomsroller".

Er det slik at klientar internaliserer ”stigmatiserte” oppfattingar av klientrolla som er typisk i lokalsamfunnet? Kva slags haldningar finst i lokalsamfunnet til rolla som unge klient; er den (dei) stigmatisert? Er det vidare slik at funksjonærane i hjelpeapparata bidrar til å stigmatisere klientar? Det blir viktig å vere presis i framstilling og analyse med omsyn til kva for aktørkategori som til ei kvar tid er i fokus.

For det tredje avgrensar eg stigmatisering til det å få ein merkjelapp av *negativ karakter*. Eg ser bort frå merkjelappar som er av positiv art. Det dreier seg her om det som kan koplatt til skam, det å ikkje kunne bidra til samfunnet o.s.b. Dei to klientkategoriane i det nemnde prosjektet står i fare for å verte stigmatiserte, sidan dei mottek støtte frå velferdsstaten, noko som kan stå i strid med lokale normer. Somme av klientane har også kjenneteikn av det Goffman ville kalt ”kategori nr. 2; individ med karakterbrestar”.

For det fjerde må omgrepet stigma forholde seg til det eg vil kalle *relativismen*. Ein variant av relativismen dreier seg om at kva som helst kan definerast som negative kjenneteikn ved individ eller grupper³². Her held eg fast ved den vinklinga som er angitt i punktet ovanfor. Stemplingsteori lærer oss at det finst ei anna form for relativisme også. Kort fortalt seier den at individets sosiale omgivelser kan stemple eller la være å stemple, for eksempel det å være i rolla som klient. I dette ligg også at ulike individ i same kategori kan ha ulike sosiale omgivelser når det gjeld spørsmålet om stigmatisering/stempling. Vidare må vi vere opne for at somme klientar for eksempel internaliserer samfunnets negative syn på visse roller, medan andre ikkje gjer det (jf. Page 1988). Konsekvensen av dette er at ei analyse av klientars erfaringar totalt sett truleg vil avdekke *variasjon*.

For det femte blir det viktig å avgrense kva vi meiner med at ”dei andre” (i lokalsamfunnet) stigmatiserer klientar. Kva gjer dei då? Her vil eg avgrense stigmatisering på følgjande vis. For det første ved at desse informantane gir negative karakteristikkar av klientane (jf. punkt 3 ovanfor), og for det andre ved at dei kjem fram med spesielle årsaksforklaringar på det å gå inn i klientrolla. Slike årsaksforklaringar vil vere av diskrediterande art, og har som hovudsbodskap at det eigentleg ikkje finst gode grunnar for å tre inn i ei klientrolle³³.

³² Eg siktar her til korleis litteraturen om stigma som heilskap presenterer seg. Den enkelte kan sjølv sagt gjere sine egne avgrensningar.

³³ For eksempel ved å hevde at klientar er late og at det eigentleg finst arbeid å få for alle som vil arbeide.

Stigma: frå det erfaringsnære til det erfaringsfjerne

I det forrige avsnittet har eg freista å definere og avgrense det faglege innhaldet i omgrepet stigma³⁴. Her vil eg drøfte korleis ein kan gå fram for å avgjere kor vidt ein står framfor erfaringar m.m. som eventuelt kan koplast til stigma. Med referanse til kritisk rasjonalisme har eg freista å gjere omgrepet stigma så presist at ikkje ei kvar oppfatting eller erfaring kan klassifiserast som stigma. Oppfattingar eller erfaringar med klientrolle av positiv art, eller negative som ikkje omfattar skam for eksempel kan ikkje gå inn under definisjonen (jf. punkta ovanfor). Følgjande hypotese kan gjerne falsifiserast: "Alle unge klientar ved aetat, trygdekontor og sosialkontor erfarer klientstatusen som stigmatisert".

For å svare på spørsmålet om rolla som ung klient er stigmatisert er det som nemt innleiingsvis gjennomført om lag 100 kvalitative intervju i to lokalsamfunn. Dette er med andre ord *samtalar* mellom forskarar og intervjupersonar. Intervjua vart tekne opp på lydband og seinare transkriberte. Dette tyder at intervjua i ettertid er bevart som *tekstar*. Dette gjer at materialet inkluderer begge tolkingsperspektiva i hermeneutikken; aktørperspektivet og det holistiske perspektivet. I bearbeidinga av eit slikt materiale framstår det mest som tekstar; det er intervjuutskriftene forskaren arbeider med og stadig vender attende til.

For å forstå intervjua som tekstar kan ein med referanse til hermeneutikken analysere delar opp i mot heilskapen. Vi kan vere opptekne av viktige ord og uttrykk som gir ei viss retning for tolking av ein gitt passasje i teksten. Vi kan vidare sjå etter om andre delar av teksten syner eit mønster som gjer det legitimt å tolke i ei bestemt retning (jf. Grimen og Gilje 1993). Eg vel å *illustrere* dette ved nokre sitat frå eit intervju med ein ung arbeidslaus klient som hadde følgjande erfaringar med å vere klient hos sosialkontoret.

*Berre sånn, hvis eg skal fortelle. Var på eit møte der i går då. Og søkte liksom om livsopphold i 14 dager. Nei, det kunne eg ikkje få! Og då sat liksom sosialsjefen og sosialkurator då og eg. Det var blankt avslag, det var ikkje aktuelt. Eg prøvde no berre å argumentere det beste eg kunne for å få det då. Og då fikk eg det! Så, eg forstår ikkje heilt kva dei drive med. Så dei **trykke deg så langt ned** før du får oppnå det du søker eller.*

Du klarte å overbevise dei på en måte?

Ja, eg føler ikkje at eg gjorde nake spesielt for å overbevise dei då. For eg hadde no skreive det i søknaden ka det var og ka som hadde skjedd, og korfor at eg disponerte trygda mi sånn eg gjorde denne gongen her då.

³⁴ Eg skal arbeide langt meir med dette som del av avhandlinga, sjølv sagt.

Det er vel det at dei utøve mykje meir skjøn kanskje i sosialtenesta. At dei liksom skal vurdere ut i frå dei opplysningane du kjem med?

Nei, eg syns det er litt sånn merkelig. Du må argumentere fram?

*Ja, ja ja. Alle mulige vinkler og... Nei, det er **trasig** det er **trasig**.*

Her er det merka ut visse delar av teksten som kan sette oss på sporet av ei truverdig tolking. I andre delar av teksten ser ein at informanten hadde gjort seg refleksjonar som bygde opp under inntrykket frå sekvensen ovanfor:

Det at er ubehagelig på sosialen – er det ut i frå egne oppfatningar eller er det lokalsamfunnet rundt?

*Ja, det er no ein kombinasjon då. At eg har vel komt **dit hen i livet** at ”Faen, no må eg **skikke meg**”. No må eg gjere **normale** ting. Ja, slutte å.. No er det vanskelig å starte og kome i gong igjen då.*

I dette intervjuet kom det også fram at erfaringar, opplevingar og refleksjonar kunne koplast mot at denne klienten gjennomførte visse rutineprega *handlingar* for å skjule sin identitet som sosialklient:

Opplever du at sosialkontoret er litt diskret? Kordan er det med å gå inn på Rådhuset – er det synlig for andre?

*Ja da, eg føle no på det da. Liksom prøva å få **tima tidlegast mulig** om morgenen. Sånn at du kan snike deg litt inn når det er **lite folk ute** då. Så eg personlig lika å kome like før kl. 09:00 då. Men ikkje kl. 08:00 for då er det mykje folk som fer på arbeid og sånn. Og så går eg gjerne opp på **teknisk etat** å spør eit **dumt spørsmål** før eg **lure meg inn på sosialkontoret**.*

Med referanse til Goffman (1963) fortel vel klienten her om korleis han *forvalter* sin identitet som ung sosialklient. Det verkar som at han meiner at han har ein diskrediterbar identitet, og freistar å skjule denne for andre. Ut i frå eit holistisk perspektiv så er dette intervjuet klassifisert som eit som gjennomgåande fortel lesaren at det dreier seg om stigma knytt til det å vere klient hos sosialkontoret. Det er fleire og ulikearta fenomen som talar for ei slik tolking, frå forskaren si side. Det er ved ei hermeneutisk analyse av intervjumaterialet ein kan seie noko om stigma og klientroller.

Organisasjon og stigma

Det andre viktige spørsmålet er om det kan tenkast ein samanheng mellom stigmatiserte klientroller og korleis organisasjonar fungerer; her avgrensa til lokale hjelpeapparat. I dette spørsmålet ligg det to andre. For å svare på spørsmålet må ein avgjere kva ein meiner med organisasjon. Deretter må ein gjere greie for kva som kan ligge i omgrepet ”samanheng”.

Organisasjon

Dette er ikkje staden for ei omfattande framstilling av omgrepet organisasjon³⁵, derfor skal eg relativt kort skissere ulike måtar å oppfatte kva ein organisasjon er. Ei kjent presisering innan organisasjonsteorien er at ein som regel studerer *formelle organisasjonar* (Blau og Scott 1962), for eksempel slike som ein finn innan offentlege sektor. Leavitt (1965) fortalte oss at alle formelle organisasjonar hadde visse fellestrekk; mål, teknologi, deltakarar, sosial struktur og omgivelser. Scott (2002) har peikt på at organisasjonsteorien kan klassifiserast etter systemforståing; der organisasjonar blir framstilt som rasjonelle, naturlege og opne system. Desse systemkategoriane framhever kvar for seg særreie aspekt ved organisasjonar. Mintzberg (1979), Lipsky (1981) og for eksempel Røvik (1998) peikar på organisatoriske *konfigurasjonar* der skilnad mellom klasser av organisasjonar er sentralt. Eksempel på dette er profesjonsbyråkratiet (Mintzberg), bakkebyråkratiet (Lipsky) og multistandardorganisasjonen (Røvik). Fokus på system og konfigurasjonar inneber at ein ser at organisasjon er eit mangetydig omgrep. Eg skal nedanfor peike på tre viktige måtar å oppfatte organisasjon på³⁶.

For det første kan organisasjonar oppfattast som dei *formelle strukturane* som organisasjonen har. Dette kan gjelde både organisasjonsstrukturen og oppgåvestrukturen. Eksempelvis ser ein at sosialtenester er levert gjennom ein bestemt organisasjonstruktur; lagt til sosialkontoret som ei sjølvstendig organisatorisk eining.

Oppgåvestrukturen seier noko om kva for oppgåvesett den enkelte organisasjon har, og kan også definere klientellet til organisasjonen. Lovverk er også del av den formelle strukturen ved organisasjonar. Somme lovverk er sterkt orientert mot rettar, medan andre er opne for omfattande skjønnsutøving frå sakshandsamarar si side.

For det andre kan organisasjonar oppfattast som dei *individua* som arbeider i organisasjonen. Møtet med ”systemet” blir for brukaren eller klienten eit spørsmål om den konkrete erfaringa

³⁵ Eg vil omtale organisasjonsomgrepet og organisasjonsteori meir inngående i avhandlninga. Der vil eg også gå grundigare inn på nyare organisasjonsteori.

³⁶ Det kan sjølv sagt tenkast andre og supplerande inndelingar enn dei tre som vert omtalt her.

knytt til å samhandle med sakshandsamar "x". Lipsky (1981) peikte på at eins oppfatting av tenesteytande organisasjonar nettopp vert danna gjennom slike individuelle "møter". I eit slikt individperspektiv på organisasjonar er det samhandlinga mellom sakshandsamar (og evt. andre representantar for organisasjonen) og klienten som står i fokus. Colton m.fl. (1997) har peikt på det personavhengige i relasjonen mellom sakshandsamar og klient, og at sakshandsamaranes kompetanse og tilnæringsmåtar i arbeidet med klientar er viktig i denne samanhengen. For eksempel peikte dei på at *empowerment* som tilnærming i sosialt arbeid kunne redusere kjensla av stigma hos klientar.

For det tredje kan organisasjonar oppfattast som ein funksjon av innverknaden frå *omgivelsane*. Tilhøvet mellom organisasjon og klient er ikkje berre eit indre tilhøve, men noko som blir invadert av (antatte) oppfattingar av klientrolle og **hjelpesystem** i dei sosiale omgivelsane (i.e.: lokalsamfunnet)³⁷. Frå institusjonell organisasjonsteori (Scott 1995; Hatch 2001) er det peikt på at organisasjonar vert vurdert av sine omgivelser, ved at det finst normer og regler knytt til organisasjonens verksemd. Sosiale aktørar kan ha oppfattingar av klientell og hjelpeapparat som for eksempel representerer grove forenklingar av kva som pregar klientar og kva organisasjonar gjer over for klientellet sitt. Desse aktørane utgjer delar av hjelpeapparatets *institusjonelle omgivelser* ved at dei har normative, kulturelle og kognitive oppfattingar av klientell og hjelpeapparat. Hatch peiker på at organisasjonar har behov for å verte aksepterte av omgivelsane sine (Hatch 2001:104). Dette har minst to implikasjonar: Ein måte å forstå organisasjonar, er ved å fokusere på kva for oppfattingar om den som finst i omgivelsane. For det andre kan klientars oppfatting av organisasjonen dei er klientar hos, i somme situasjonar, gå via dei meiningane aktørar i omgivelsane knyt til klientstatusen og hjelpeapparatet.

Som vi ser kan omgrepet organisasjon knytast til tre forskjellige element; struktur, individ og omgivelser. Er det ein samheng mellom organisasjonens struktur, individ (som arbeider med klientane), dei sosiale omgivelsane og erfaring med organisasjonen sett frå *klientars ståstad*?

³⁷ Jf. sitat frå intervju med klienten framanfor.

Omgrepet "samanheng"

Vitskapsteoretisk er spørsmålet om "samanheng" nært knytt til temaet "forklaringstyper" (jf. Grimen og Gilje 1993). Det dreier seg om å forklare eller forstå visse hendingar. Her dreier det seg om *erfaring* i rolla som klient i lokale hjelpeapparat. Ved å fokusere på erfaringar skjaltar eg ut ein bestemt forklaringstype: *formålsforklaringar*. Eg er ikkje oppteken av kva for grunnar unge menneskje har for å gå inn i ei klientrolle, eg er oppteken av kva det "gjer med individet" å vere i denne rolla. Eg ser også bort i frå ei anna forklaringstype: *funksjonelle forklaringar*. Denne forklaringstypen hentar inspirasjon frå biologien og spør kva bidrag eit fenomen har i forhold til heilskapen. Her kan det bety følgjande; kva for gunstige og utilsikta konsekvensar kan erfaring med stigma hos klientar ha i forhold til samfunnet som heilskap? Ein kan tenke seg at stigma, i likskap med kriminalitet og andre former for sosiale avvik, har den funksjonen at det styrkjer samhaldet mellom dei "normale" i samfunnet. Ein tenker seg vidare at denne tilnærminga forklarar kvifor eit fenomen vert oppretthalde over tid. Er det slik at visse sosiale ytingar vert oppretthalde, i måten dei er organisert på, fordi dei har ein avskrekkande verknad? Eg vel å sjå bort i frå denne forklaringstypen m.a. fordi eg ikkje ser at dette er del av mine problemstillingar. Ein tredje forklaringstype er *årsaksforklaringar*. Sidan eg har fokus på kvalitativ metode går eg ikkje inn på det som her kan knytast til statistisk korrelasjon. Årsaksforklaringar (kausalitet) dreier seg om at *eitt* fenomen er eit resultat av eit anna forutgåande fenomen. Ein del årsaksforklaringar har preg av lover, som innan naturvitskapen (Grimen og Gilje 1993): "*Kvar gong A skjer så inntreff B*". Eller: "*Kvar gong eit ungt menneske blir klient hos sosialkontoret erfarer det stigma*". Som allereie nemnt, er slike lover (allutsagn) om samfunnsmessige forhold tvilsame, både i empirisk og teoretisk forstand. Rosenberg er skeptisk til om vi i det heile kan etablere "lover" angående samfunnsmessige forhold:

"Perhaps there are laws of human behaviour, but they are so complicated that human beings are not clever enough to uncover them" (Rosenberg 1995:14)³⁸

Etter mi meining dreier tilhøvet mellom organisasjon og stigma seg om ei form for *årsaksforklaring*; det er noko ved organisasjonar som kan framkalle ei erfaring hos enkelte klientar som kan klassifiserast som stigma. Det er likevel uråd å sette fram ei generell lov som determinerer kva som vil skje i kvart enkelt tilfelle. Det er ikkje tale om statiske trekk ved organisasjonar som automatisk produserer likearta reaksjonar frå klientar, men meir tale

³⁸ Her har vel Rosenberg formulert ei "lov".

om ein *upredikerbar interaksjon*³⁹ mellom organisasjon og klient der det hermeneutiske omgrepet *forståing* blir sentralt (jf. Andersson 1979). Somme klientar tolkar, eller forstår, denne interaksjonen på ein slik måte at det er rimeleg å nytte omgrepet stigma om det, andre klientar tolkar dette på anna vis. Colton m.fl. peikar på at stigma i relasjonen mellom organisasjon og klient kan forståast ved å analysere interaksjonen mellom desse:

*Interaksjon slik omgrepet er definert her, gjeld ikkje berre i forhold til interpersonelle relasjonar, men også til systemiske og kulturelle eigenskapar mellom individ og tenester. Bestemte tenester kan vere organiserte på ein slik måte at brukarane føler ei kjensle av skam, som så kan føre til stigma. Likevel kan enkelte tenestemenn i slike organisasjonar ha kvalitetar eller opptre på måtar som demper slike kjensler. På den andre sida så kan tenester som er meint å vere ikkje-stigmatiserande verte utførte av tenestemennene på ein slik måte at det får motsatt verknad for brukarane deira*⁴⁰.
(Colton m.fl. 1997:14.)

Rosenberg (1995) skil mellom omgrepa "grunnar" og "årsaker"⁴¹. "Årsaker" vert knytt til kausale samband i naturen som dannar grunnlaget for allmenne lover. "Grunnar" er knytt til menneskelege intensjonar, handlingar og oppleving av "mening" knytt til hendingar og samhandling med mennesker og institusjonar. Omgrepet "årsak" blir knytt til ein positivistisk kunnskapstradisjon, medan grunnar vert knytt til ein hermeneutisk kunnskapstradisjon. På bakgrunn m.a. av det "interaksjonistiske" perspektivet presentert ovanfor vil eg nytte omgrepet "grunn" som forklaringsomgrep med omsyn til klientars erfaring med organisasjonar, og såleis på kva som meinast med *samanheng* mellom organisasjon og stigma.

Samanhengen mellom organisasjon og stigma: nokre illustrasjonar

Samanhengen mellom organisasjon og stigma er altså noko som kan oppstå i det konkrete møtet mellom hjelpeapparat og klient, der den individuelle klientens tolking av situasjonen blir tillagt stor vekt. Eg skal her kort illustrere dette ved å trekke inn enkelte klienterfaringar.

Ein informant peikar på noko som kan relatere til organisasjonar som formelle strukturar.

Informanten vart spurt om vedkomande såg nokon skilnad mellom aetat og sosialkontoret, og svarte slik:

³⁹ Eg nyttar her omgrepet "interaksjon" på same måte som Colton m.fl. (1997) nedanfor.

⁴⁰ Mi omsetjing, ARD. (Djupvik 2001). Sitatet illustrerer vel også at individa i organisasjonen spelar ei viktig rolle i forhold til om klientar erfarer stigma i møte med organisasjonen, jf. diskusjonen framanfor.

⁴¹ "Reasons" og "causes".

Det å motta sosialhjelp her for eksempel – det e enormt stigmatiserandes. Et lite sted og det e mye penga her. Det e mye rike folk. Man har en sånn tru på at sosial nød det e utrydda her og viss du har sosial nød så e det i hvertfall selvforskyldt.

Korleis e det viss du e arbeidsledig ei stund og har behov for å få hjelp på aetaten – det e også veldig synlig å gå der. E det meir akseptert på ein måte?

*Ja – det e det jo for der e du jo **ikke for at du e i nød**. Det e jo et kontor som e et samlingspunkt enten det gjeld **kurs** og **stønadsforma** – det e jo mange andre tjenesa du kan motta der uten at du vis **deg som inkompetent**, sant. Vil æ tru. Spesielt etter at aetat har modernisert seg litte grann, så har dæm kanskje blitt mindre stigmatiserande.*

Den første delen av sitatet gir ein karakteristikk av sosialkontoret, den siste av aetat. I den siste delen ser ein ei klar referanse til oppgåvestrukturen; kva for type stønadsformer som finst hos aetat. Desse vert oppfatta som annleis enn hos sosialkontoret. Ein kan også legge merke til at aetat vert oppfatta som å ha eit anna klientell enn sosialkontoret; eit meir motivert klientell. Dette kan oppfattast som ein effekt av organisasjons- og oppgåvestrukturen.

Sitatet nedanfor viser erfaringa til ein klient der organisasjonen klart vert oppfatta gjennom den *individuelle* sakshandsamar. Det gjeld erfaringa med sosialkontoret:

*Ja, æ syns det (i.e.: at det er vanskelig å oppsøke **sosialkontoret**). **Ho ene** som jobber der er stort sett sur en gang og bestandig. Og det sier de fleste. Ho passe ikkje i en sånn jobb. Så e det også at du ser liksom rundt deg ka som foregår – du høre jo sant. Æ vet om familia der både mor og far e inne i bildet. De e i full jobb begge to og har familie på plassen – **dem har fått avlastningsfamilie**. Mens æ som står aleina – æ har ingen. Ska æ ha barnevakt – så må æ betale for det. Og det e ikke like enkelt bestandig.*

Intervjuet med denne klienten viser at vedkomande oppfatter møtet med sosialkontoret som nedverdiggande, og noko som er relatert til spørsmålet om ”personleg kjemi” mellom sakshandsamar og klient⁴².

Det siste eksemplet gjeld ein klient som vart spurt om si erfaring med sosialkontoret, der det klart går fram at dette også dreier seg om korleis klientstatusen kan verte oppfatta i klientens og hjelpeapparatets *sosiale omgivelser*:

⁴² Det dreier seg her om klientens subjektive oppfatting av sakshandsamaren. Dette er i tråd med ei hermeneutisk tilnærming ved at det vert fokusert på korleis klienten *tolkar* møtet med hjelpeapparatet.

... *Ej synst det e nedverdiggande då. ... At ej må gå der (i.e.: sosialkontoret).*

Men ka går det på? E det dine egne holdningar, e det møtet med desse personane, eller det at andre ser at du går inn og?

Ja, at andre ser at eg går inn og at andre folk lurar på om at ej e ..., det e vel kanskje for at ej trur folk trur at ej hengjer igjen litt i dette narkomiljøet og det vil du ikkje ha noko av, og liksom det at folk tenkjer "Å jøye mej, har ho ikkje pengar"? "Ka bruker ho pengane sine til?", og sånne ting.

Dette intervjuet viser ein klient som er engsteleg for kva "dei andre"⁴³ måtte meine om klientstatusen, primært fordi klienten reknar med at aktørar i lokalsamfunnet set eit tribalt stigma (Goffman 1963) på vedkomande, ved å plassere klienten i kategorien "dei narkomane".

Avslutning

I dette essayet gjorde eg først greie for bakgrunnen for dette arbeidet. Eg ønskte å nytte essayskrivinga til å diskutere omgrepa stigma, organisasjon og samanhengen mellom stigma og organisasjon. For å knyte dette an til vitskapsteoretiske problemstillingar kopla eg inn positivismen, kritisk rasjonalisme og hermeneutikken som sentrale vitskapsteoretiske retningar. Desse tre retningane har kvar på sitt vis medverka til ei klargjering av dei nemnde omgrepa.

Positivismen lærer oss å fokusere på presisjon i bruken av omgrep og det viktige i å teste teoriar mot den empiriske verda. Denne retninga set derimot visse føresetnader for kva som har samfunnsvitskapleg status; sidan fokuset er på statistisk korrelasjon slik at ein kan formulere lovmessige samanhengar om samfunnsmessige tilhøve. Denne delen av positivismen vert nedtona i mitt arbeid, sidan eg argumenterer for ein hermeneutisk tilnærning til studiet av mine problemstillingar. Eigenskapane eg ønskjer å studere, samt konteksten dei inngår i, let seg vanskeleg gripe gjennom kvantitative metodar.

Kritisk rasjonalisme lærer oss betydninga av å formulere teoriar og omgrep som let seg falsifisere. Eg har freista å gjere dette i forhold til omgrepet stigma, slik at ikkje alle empiriske uttrykk i det kvalitative intervjumaterialet kan klassifiserast som stigma. Den kritiske rasjonalismen krev av forskaren at han er i staden til å gjendrive sine egne teoriar eller hypotesar. Eg ser at dette kan framstå som eit attraktivt forskingsideal, men innsiktene til

⁴³ Jf. Becker (1963).

Popper, Kuhn og Feyerabend fortel meg at det i praksis kan vere vanskeleg å utøve ein sterk form for sjølvkritikk eller kritikk av forskarmiljøet ein er del av, i det daglege vitskaplege arbeidet. Eg vil også peike på at kravet om falsifikasjon, om det er tolka strengt, kan verte ei tvangstrøye for vitskapleg arbeid. Det bør vel vere rom for hypotesar, som i det minste i ei avgrensa tidsperiode, ikkje er falsifiserbare? Dette dreier seg om kor sterkt forskning bør vere styrt av reglar.

Hermeneutikken har lært meg at det er ein skilnad på å studere naturen og det å studere samfunn og individ. Det er vanskeleg å tenke seg kausale lover i samfunnet, på same måte som dei kan avdekkast i naturen. Siktemålet med hermeneutisk forskning blir å avdekke kva *meaning* aktørar knyt til ulike fenomen, og denne vitskapsteoretiske retninga leiar fram til ulike former for kvalitative metodar. Forskaren er prisgitt sosiale aktørar si forforståing av røyndomen, og forskarens eigen forforståing pregar måten vedkomande tolkar sosiale fenomen. Det blir difor viktig å fokusere på metodologisk toleranse, og vere open for at andre tolkingar enn dine egne kan vere rimelege eller gode. Det einast sanne tolking finst ikkje, sjølv om det kan settast fram forslag til korleis gjere rimeleg truverdige tolkingar.

REFERANSAR

- Andersson, S. (1979) – *Positivism kontra hermeneutikk*. Gøteborg: Korpen.
- Becker, H. (1963) – *Outsiders. Studies in the Sociology of Deviance*. New York: The Free Press.
- Blau, P. og W.R. Scott (1962) – *Formal organization: a comparative approach*. San Francisco : Chandler.
- Colton, M. (red) (1997) – *Stigma and Social Welfare: An International Comparative Study*. Aldershot: Avebury.
- Coser, L.A. (1965) – `The sociology of poverty: to the memory of Georg Simmel`, I: *Social Problems*, 13, 140-148.
- Djupvik, A.R. (2001) – *Stigma og sosiale tenester*. Notat nr. 15/2001. Volda: Høgskulen i Volda/ Møreforskning Volda.
- Durkheim, E. (1964) - *The rules of sociological method*. New York: The Free Press.
- Durkheim, E. (1978) – *Selvmordet*. Oslo: Gyldendal.
- Falk, G. (2001) – *Stigma. How we treat outsiders*. New York: Prometheus.
- Feyerabend, P.K. (1993) – *Against Method*. London: Verso.
- Gadamer, H-G. (1975) – *Truth and Method*. London: Sheed & Ward.
- Geertz, C. (1983) – *Local Knowledge*. New York: Basic Books.
- Gibbs, J. (1971) – “A Critique of the Labelling Perspective”. I: Rubington, E. og M. S. Weinberg *The study of social problems: five perspectives*. London: Oxford University Press.
- Giddens, A. (1976) – *New Rules of Sociological Method*. London: Hutchinson.
- Goffman E. (1961) – *Asylums: essays on the social situation of mental patients and other inmates*. Harmondsworth: Penguin Books.
- Goffman, E. (1963) – *Stigma. Notes on the Management of Spoiled Identity*. Englewood Cliffs: Prentice-Hall.
- Grimen, H. og N. Gilje (1993) – *Samfunnsvitenskapens forutsetninger*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hatch, M.J. (2001) – *Organisasjonsteori: moderne, symbolske og postmoderne perspektiver*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Heggen, K., A. R. Djupvik og G. Jørgensen (2003) – *Velferdsstatens ungdomsroller. Statleg definerte – lokalt konstruerte*. Forskningsrapport nr. 53. Volda: Møreforskning Volda/ Høgskulen i Volda.
- Hove, O. (2001) – *Stigma. Teoretiske tilnærmingar til stigma og til forholdet mellom stigma og sosiale ytelser – en kritisk drøfting*. HiO-rapport 2001 nr. 2. Oslo.
- Knutsson, J. (1977) – *Stämplingsteori : en kritisk granskning*. Stockholm: Brottsførebyggande rådet.
- Kuhn, T. (1996) – *Vitenskaplige revolusjoners struktur*. Oslo: Spartacus.
- Lakatos, I. (1982) – ”Falsification and the Methodology of Science Research Programmes”. I: Lakatos, I. og A. Musgrave (red.) – *Criticism and the Growth of Knowledge*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Lakatos, I. (1998) – ”Science and Pseudoscience”. I: Curd, M og J.A. Cover *Philosophy of science : the central issues*. New York: W.W. Norton.
- Leavitt, H.J. (1965) – “Applied Organizational Change in Industry: Structural, Technological and Humanistic Approaches”. I: March, J.G. (red.) *Handbook of Organizations*. Chicago: Rand McNally.
- Lemert, E.M. (1951) – *Social Pathology*. New York: McGraw-Hill.
- Lipsky, M. (1980) – *Street-level bureaucracy*. New York: Sage.

- Mintzberg, H. (1979) – *The Structuring of Organizations*. Englewood Cliffs, NJ: Prentice-Hall.
- Page, R. (1988) – *Stigma*. London: RKP.
- Parker, J. (1975) – *Social policy and citizenship*. Macmillan.
- Popper, K. (1981) – ”Bøtten og søkelyset: to kunnskapsteorier”. I: K. Popper: *Fornuft og rimelighet som tenkemåte : utvalgte essays*. Oslo: Dreyer.
- Popper, K. (1992) – ”A survey of Some Fundamental Problems”. I: K. Popper *The logic of scientific discovery*. London: Routledge.
- Rikstrygdeverket (2000) – *Trygdestatistisk årbok 2000*. Oslo: Trygdeetaten.
- Rosenberg, A. (1995) – *Philosophy of Social Science*. Boulder, Colorado: Westview Press
- Røvik, K.A. (1998) - *Moderne organisasjoner: trender i organisasjonstenkningen ved tusenårsskiftet*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Scott, W.R. (1995) - *Institutions and organizations*. Thousand Oaks, California: Sage.
- Scott, W.R. (2002) - *Organizations. Rational, Natural, and Open Systems*. Englewood Cliffs, New Jersey: Prentice-Hall.
- Skjervheim, H. (1976) – *Deltakar og tilskodar og andre essays*. Oslo: Tanum-Norli.
- Spicker, P. (1984) – *Stigma and Social Welfare*. London: Croom Helm.
- Taylor, C. (1985) – ”Interpretation and the sciences of man”. I: Taylor, C. *Philosophical papers*. Cambridge: Cambridge University Press
- Wittgenstein, L. (1982) – *Tractatus logico philosophicus*. Lund: Doxa.